

# KOPPSÅNA KULTURMINNE

Tommertoppjær skjedde ofte slik at bonden fekk utanlands korn i bytte med tommer. Bondene på indre Agder kjempa hardt for å unngå å få mjøl (som dei påstod var blanda med krit) framfor korn.


## Saga og materialbu

Efter NBB (Norges Bebyggelse) vart saga bygd i 1897, materialbu i 1898.

Mot slutten av 1860-åra vart sagbruksprivilegia oppheva. Privilegia hadde gitt borgarane i byane rett til slik næringsdrift. Men no fekk bondene hove til å opprette sager og selge tommer også på landsbygda. Saga på Koppsåna vart difor bygd som ein konsekvens av dette. Vi finn og fleire sager andre stader på indre Agder som vart bygd i same perioden fram mot århundreskiflet.

Saga vart nytta siste gongen i 1928 då dei nye våningshusa på garden vart sett opp, etter dette berre til mindre oppdrag.

Saga er truleg bygd for å dekke garden sitt behov for eigne materialar, og for sal i nærområdet. Dølemo sentrum vart bygd opp rundt århundreskiflet, i 1880 og framover. Høvel i gardssag var uvanleg, og vitnar om spesialisering og skjering for sal.




## Damanlegg og steinskjermar

## Kvern

## Sag

## Materialbu

Å M L I K O M M U N E



## Eigarstruktur

Stiftelsen Koppssåna Kulturminne er eit samarbeid mellom grunneigarane Knudsen-Baas, Åmli Historielag, Tovdal skogeigarlag, Vestre Åmli skogeigarlag, Åmli og Gjøvdal skogeigarlag og Åmli kommune ved museumsnemnda.

## Omfang

Kulturminna som stiftelsen omfattar er:

- damanlegg/stein
- skådammar for flotting av tømmer
- vassrenner for kvern og sag
- sag med materialbu og kvern

## Særtrekk ved Åmli kommune

Åmli kommune grensar mot Telemark fylke. Kommunen er mellom dei største skogbrukskommunane på Agder.

Tovdalsvassdraget og Arendalsvassdraget, med sideelver, renn gjennom kommunen. I dei to vassdraga har det vore aktiv flotting av tømmer frå Åmli til kystbyane Kristiansand og Arendal sidan 1600-talet.

Skogbruksbasert verksend har framleis mykje å seie for arbeidsplassar og verdiskapinga i Åmli kommune.

## Garden Baas

Garden Baas ligg i vestre del av Åmli kommune, og er ein av dei største skogbruksgårdane i kommunen.

I 1920-åra vart garden kjøpt av skipsreiar Skjelbred Knudsen i Kristiansand. Kjøpet av Baas var eit resultat av den kontakten det var mellom skogeigarane i Åmli og trelasthandlarane/skipfartsnæringa i Kristiansand.

Anlegget ved Koppssåna vart bygd i 1880-åra, dei gylne åra innan skipfartsnæringa på Sørlandet. Tømmer frå innde bygder var ein viktig eksportartikkel. Tømmer frå garden Baas vart kjøpt opp av trelasthandlarar i Kristiansandsområdet.

## Anlegget Koppssåna Kulturminne

Koppssåna er ei sideelv til Tovdalsvassdraget. I 1904 skreiv Amund Helland:

“Koppssaa gaar et kort stykke gjennom Mykland, før den falder i Tovdalselven i Åmli. Der fremlades i denne elv i forhold til nedslagsdistrikts storrelse meget tømmer.

I denne elv blev i 1882 opført en slippesdam ved udløbet av Väsvatn, og elven nedenfor blev reguleret ved sprængning og stenskjærme”.

Koppssåna er ei relativt lita sideelv, men er likevel svært representativ for ein tidsepoke då skogbruksnæringa på innde Agder var avhengig av flotting for tømmerosal. Hovudvassdraga førte tømmer til byane som låg i utløpet, og byrekst på Sørlandet var i hovedsak tutta på tømmerhandel/skipsfart i tillegg til eksport av jernverksprodukt.

Namnet Koppssåna kjem mest truleg av åna (elva) med mykje koppstein (runde stein).

## Damanlegg og steinskjermar

Koppssåna kjem frå Vävatn, og her ligg altså eit større damanlegg. Eit nærrare damanlegg er knytt til eit mindre vannbasseng eit par hundre meter ovanfor saga/kverna. Dei stemde åna for å ha rikeleg med vatn til kverna/saga utanom flaumtiden.

Damanlegga og dei utbygde skådammene skulle gjere flottinga i åna lettare - dei fungerte som sperre mot elvebredda og land. Vi finn mange skådammar i Tovdals- og Arendalsvassdraget, men og andre stader på innde Agder. Det vart flota i Koppssåna siste gong i bygjinga av 50-åra.

## Kverna

Kverna er truleg bygd i 1870-åra. Veggane er dekorerte med namn og årstal, dei eldste frå 1870-åra. Sist gong kverna vart nytta, var under verdkriga.

Ho viser korleis gardssamfunnet har gjort bruk av vasskraft til å dekke behovet for å male sitt eige mjøl. Innmarka på Baas var relativt lita, og med mange folk på garden, var det truleg mykje utanlandske korn ein mol på Baas-kverna.